

ÅRSPLAN 26/27

Ølensjøen FUS barnehage



Ølensjøen

INNHold

1. Om årsplanen og FUS sine mål for barnehagene

Visjon

Verdier

Hovedmål

2. Om barnehagen

3. Vårt verdigrunnlag

Barn og barndom

Demokrati

Mangfold og gjensidig respekt

Likestilling og likeverd

Bærekraftig utvikling

Livsmestring og helse

4. Barnehagens formål og innhold

Sosioemosjonell støtte og veiledning

Organisering og ledelse

Læringsstøtte

5. Barns medvirkning

6. Samarbeid

Foreldresamarbeid

Samarbeid med andre instanser

7. Overganger

Tilvenning i barnehagen

Overganger innad i barnehagen

Overgang mellom barnehage til skole

8. Barnehagen som pedagogisk virksomhet

Lærende organisasjon

Planlegging

Vurdering

Dokumentasjon

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som trenger ekstra støtte.

9. Barnehagens fagområder





**BARNET
FØRST!**



1. OM ÅRSPLANEN OG FUS SINE MÅL FOR BARNEHAGANE



Denne årsplanen skal vise korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017). Årsplanen fortel også korleis me arbeidar for å nå FUS sine felles målsetjingar for barnehagane.

Visjon:

Saman gir vi barndommen verdi, vennskap, leik og glede - og kvardagsmagi

Visjonen er leiestjerna vår og den set ei retning for kva me ønskjer at FUS barnehagane skal oppnå – no og i framtida. Visjonen er det me strekk oss etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer.

Våre metodar for å jobbe mot visjonen:

- Jobbe for at kvardagen skal vera prega av leik og glede
- La barna oppleve magiske augeblikk
- Gje rom for spontanitet og litt «galskap»
- Sørge for at alle barn opplev vennskap, fellesskap og at dei høyrer til gruppa

Verdiar:

Glødande, skapande og tilstadeverande

Verdiane er kulturberarane i FUS. Verdiane fortel kva me står for, kva me trur på og kva som er viktig for oss. Dei er ei kjelde til motivasjon og inspirasjon i det daglege arbeidet i barnehagen på vegen for å verkeleggjera visjonen.



**BARNET
FØRST!**

Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane:

Glødande

Kollegaer: Løfte kvarandre opp, humor, dele kunnskap og erfaringar, vera positive, vera imøtekommande med kvarandre

Føresette: Dagleg info om kvart enkelt barn, ta ansvar for å skape god relasjon, vise respekt, informere om prosjekt og aktivitetar

Barna: Leggje til rette for meistring, ha samlingar og prosjekt som engasjerer, gode samtalar med barna, humor og magiske augeblikk

Skapande

Kollegaer: Ideutveksling, open for nye verdiar, gjere kvarandre gode, godt samarbeid

Føresette: Skape tillit, dele skapande erfaringar gjort med barna, rettleie


Barna: Møte barna sine interesser, leggje til rette for skapande leik og aktivitet, inspirere barna til å utfalde seg, tilby variert materiale og ha ein variert barnehagekvardag

Tilstadeverande

Kollegaer: Sjå medarbeidarane, syna respekt, nytta kvarandre sine ressursar

Føresette: Sjå dei ved levering/henting, ha deira barn i fokus, godt førebudd til foreldresamtalar

Barn: Ha augekontakt, vera nede på golvet i leik, unngå prat over hovudet på barna, byggja relasjon, gi omsorg og gi ein føreseieleg og trygg tilnærming til alle barn



Hovudmål:

- FUS barn har eit positivt sjølvbilet.
- FUS barn er trygge og forskande, trivast i leik og har vennekompetanse.
- FUS barn gler seg til “resten av livet”, og veit at dei har moglegheit til påverknad og at innspela deira tel.
- FUS barn har det gøy i barnehagen.

Våre metodar for å jobbe mot måla:

- **Me skal sjå det beste i kvart barn.** Me identifiserer aktivitetar, leik eller oppgåver som gir barn anerkjenning og meistringskjensle.
- **Me skal ha leikekompetanse.** I eit utviklande leikemiljø med akkurat nok rettleiing tileignar barn seg kunnskap og opplev meistring. Me lar leiken komma først, og me vektlegg leikebasert læring.
- **Me skal gi barna livsglede, byggja vennskap og føle på flow.** Barn skal oppleve at dei vert høyrte og at deira stemme tel.
- **Me legg til rette for magiske augeblik.** Barna skal få gjera nye oppdagingar, dei skal få leite etter magiske spor. Kvardagen vår skal vere prega av latter og humor.

I FUS barnehagane har me eit felles slagord, «Barnet først». Alt ein gjer skal vera til barnets beste. «Barnet først» er også namnet på kompetansesatsinga vår, der målet er eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i alle våre barnehagar.

I denne årsplanen er kvart kapittel bygd opp slik: Først ein omtale om kva Rammeplanen seier, deretter ei forklaring på korleis me vil gjennomføre dette i praksis.

2. OM BARNEHAGEN



Ølensjøen FUS barnehage opna i desember 2004 med fire avdelingar. I august 2014 utvida me kapasiteten ved å bygga eit nytt tilbygg, og auka dermed frå fire til sju avdelingar. Det nyaste bygget inneheld tre avdelingar for dei største barna, arbeidsrom, kontor, møterom samt eit storkjøkken til kokken vår. Dei yngste barna held til i det eldste bygget, og har eit eige tilpassa og skjerma uteområde med vognskur aust for bygget (mot idrettshall). Avdelingane har stadnamn frå nærmiljøet vårt: I småbarnshuset heiter avdelingane Litlehagen, Joa Kari, Skrubbasteinen og Sjoaren, og i storbarnshuset heiter avdelingane Skukkane (2. etg), Roatoppen (2. etg) og Steinbru (1. etg).

Me er ein FUS barnehage! FUS er ikkje forkorting av eit ord, men tyder kort og godt «fyrst». Me er ein av 178 barnehagar som høyrer til same kjede. Barnehagane er eigd av Trygge Barnehagar som er Norges største private barnehageaktør. FUS barnehagane jobbar mot same visjon og same verdigrunnlag, har felles serviceerklæring og etiske retningslinjer.

Barnehagen har tilgang til mange gode tilbod som skog, strand, idrettshall/gymsal, leikeplassar, bibliotek, aktivitetspark ved Ølen senter, lavvo m.m. I tillegg har me eigen FUS-buss som tek oss med til dei flottaste stader.

Barnehagen har eit mangfald av ulike språk og nasjonalitetar, og me lærer om språk, kultur, tradisjonar, feiringar og mat frå ulike land. Dette bidrar til å skapa toleranse og gjensidig respekt. Alle har ein plass i fellesskapet i barnehagen vår.

Ølensjøen FUS barnehage AS

Adresse: Litlehagen 4, 5580 Ølen
Telefonnummer: 95 75 80 04
E-post: dl.olensjoen@bhg.no

Kontaktinfo til dei ulike avdelingane:

Skukkane

Tlf: 53 76 62 20
E-post: kamilla.langeland@bhg.no
E-post: karolinea.berge@bhg.no

Roatoppen

Tlf: 53 76 62 20
E-post: stine.grindheim@bhg.no

Steinbru

Tlf: 53 76 62 20
E-post: marialice.grindheim@bhg.no

Joa Kari

Tlf: 53 76 62 20
E-post: charlotte.steinsto@bhg.no

Skrubbasteinen

Tlf: 53 76 62 20
E-post: sheila.catak@bhg.no

Sjoaren

Tlf: 53 76 62 20
E-post: siljanesse.ellingsen@bhg.no



Ølensjøen FUS barnehage



3. VÅRT VERDIGRUNNLAG

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidløst, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7)

Barn og barndom

«Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadene, men barn påverkar òg sitt eige liv»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8)

Vårt syn på barn og barndom:

- Barnehagen skal bidra til at alle barn får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik
- Sjå einskildbarnet og familien
- Gi barna gode opplevingar og erfaringar
- Sjå på barnet som subjekt, møte dei på kjensler
- Reflektera over eigen barndom, og korleis den påverkar oss i møte med barna

Demokrati

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8)

Våre metodar for å fremje demokrati:

- La barna få ytre seg, bli høyrte og vere deltakande.
- Utvikla og praktisera demokrati i leiken.
- Barna skal medverke til barnehagen sitt innhald.
- Fokus på mangfald, alle er like mykje verdt, alle skal bli høyrte, sett og anerkjent.

Mangfald og gjensidig respekt

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. Barnehagen skal leggje til rette for kultur møte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9)

Våre metodar for å fremje mangfald og gjensidig respekt:

- Kunnskap om og respekt for ulike kulturar
- Bruk av konkretar i samlingar som gir støtte for norskinnlæringa.
- Synleggjere dei ulike nasjonalitetane som er representerte på avdelingane
- Lære songar, ord på andre språk
- Bruk av tolk i foreldresamarbeid
- Vera gode rollemodellar med fokus på danning
- Markere høgtider frå ulike kulturar



Likestilling og likeverd

Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10)

Våre metodar for å fremje likestilling og likeverd:

- Møte barn på ein likestilt måte, anerkjenne.
- Oppmuntre barn til å delta i alle aktivitetar uavhengig av kjønn.
- Kjønnsnøytralt fysisk miljø, samstundes legge til rette for barna sine interesser.
- Syne respekt for ulike kjønnsuttrykk.




Berekraftig utvikling

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehaugen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10)

Våre metodar for å fremje berekraftig utvikling:

- Formidle haldningar til barna der ein syner omsorg og tek vare på omgjevnadane og naturen.
- Gje barna naturopplevingar, slik at dei opplever tilhøyrslø til naturen.
- Gje barna kunnskap om kjeldesortering, prosessar i naturen, forureining, gjenbruk og fattigdom.
- Fokus på kvar maten kjem ifrå, frå jord til bord.



Livsmeistring og helse

Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11)

Våre metodar for å fremme livsmeistring og helse:

- God start og trygg tilvenning til ny avdeling i barnehagen.
- Skape gode relasjonar prega av tryggleik, gjensidigheit, forutsigbarheit og trivsel.
- Spreie mykje glede, latter og positive opplevingar og erfaringar.
- Støtte til å regulere og setje ord på negative kjensler - viktig for barn si sjølvutvikling .
- La barna oppleve meistring – gje dei motivasjon til å meistre gjennom passe hjelp og støtte.
- Gje rom for ro, kvile og avslapping - lesestund, yoga og kvilestund for dei aller minste.
- FUS smartmat- sunn og variert mat som gjev grunnlag for vekst, utvikling, lek og læring.
- La barn få vere barn - lek.

Barn si livsmeistring er viktig for å fremja psykisk helse og førebyggje psykiske vanskar og lidingar. Livsmeistring handlar først og fremst om dei positive kreftene i barna sine liv, og god barnehagekvalitet kan bidra til livsmeistring hos barn. Gjennom ein god start i barnehagen og positive erfaringar saman med trygge og omsorgsfulle vaksne og andre barn kan ein fremje livsmeistring her og no. Dette kan samstundes bidra til robustheit og motstandskraft som kan gjere barna i betre stand til å handtere opp- og nedturane i livet.

I Ølensjøen barnehage er me så heldige at me har eigen FUS buss. Ute på tur får barna moglegheit til å utfordra seg sjølv åleine og i samspel med andre og oppleve rørsleglede, trivsel og meistring ved allsidig fysisk aktivitet året rundt. Gjennom å inkludere barna i aktivitetar der dei kan få vere i rørsle, lek og få positive erfaringar med sosial samhandling, kan dei få oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnader.

I barnehagen vår har me eigen kokk som lagar sunn, næringsrik og mettande varmmat til oss to gonger i veka. FUS smartmat tilfører kroppen dei beste byggjeklossane og gjev grunnlag for vekst, utvikling, lek og læring. Me meiner at trivelege måltid bidrar til matglede og gode matvanar for barna i barnehagen. Måltida i barnehagen skal ha ein viktig pedagogisk funksjon.

Handlingsplan om psykososialt miljø

https://fus.no/files/barnehager/files/144/Handlingsplan%20om%20psykososialt%20milj%C3%B8_64ca02d2cd8ac.pdf





**BARNET
FØRST!**



4. BARNEHAGENS FORMÅL OG INNHOLD



“Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.”

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19).

Barnet først er eit heilskapleg system for å styrke dei tilsette sin kunnskap og handlingskompetanse. Modellen inneheld tre ulike hovudområde som saman bidreg til å styrke barn si allsidige utvikling: sosioemosjonell støtte og rettleiing, organisering og leiing samt læringsstøtte.

Sosioemosjonell støtte og rettleiing:

Sosioemosjonell støtte og rettleiing handlar om korleis dei tilsette klarar å skapa ein barnehagekvardag som hjelper barn med å utvikla gode relasjonar til andre, oppleva glede ved å læra noko nytt, oppleva tryggleik og tilknyting og ha ei oppleving av medverknad og sjølvstende.

Positivt klima: I eit positivt klima smiler og ler dei tilsette saman med barna. Me ser mange bevis på at dei har ein god relasjon til barna, og dei viser entusiasme og interesse både med kroppen og stemma. Dei er der barna er, i barna si høgde og med kroppen vendt mot dei.

Negativt klima: Det er fråvær av at dei tilsette straffar, hånar, kjeftar og ertar barna.

Sensitive vaksne-trygge barn: Å vere sensitiv handlar om å vere merksam og respondere på det enkelte barnet sine teikn på behov for støtte. Dei tilsette kjenner barna godt. Dei legg merke til om barna er urolege, redde, uoppmerksame, uinteresserte, og dei tilpassar si åtferd for å respondera på barna sine signal.

Barns perspektiv og medverkad: Dei tilsette følg barna sine initiativ og idéar, syner fleksibilitet og ivaretek barna sitt perspektiv. Dei lar barna uttrykke seg og etterspør deira idear, gir barna ansvar og oppmuntrar dei til å klare seg sjølv.



Sosioemosjonell støtte og rettleiing

- Positivt og negativt klima
- Sensitive voksne – trygge barn
- Barn sitt perspektiv og medverknad

Organisering og leiing

- Gruppleiing og rettleiing
- Leggje til rette for lek, læring og overgangar
- Variasjon

Læringsstøtte

- Omgrepsutvikling, forståing og djupnelæring
- Tilbakemeldingar
- Eigenleiing i lek og læring
- Språk

Emosjonskompetanse hos barn og tilsette:

Emosjonskompetanse handlar om å identifisera og forstå eigne kjensler og handtere frustrasjon. Det handlar om å forhindre at stress og uro overveldar evna til å tenkje klart, og ha kontroll over korleis og når ein gjev uttrykk for kjensler.

Emosjonsrettleiing: Emosjonsrettleiing handlar om at dei tilsette er bevisste på barna sine kjensler, er tilstadeverande, opprettar kontakt med barna, viser forståing og aksept for barna sine kjensler gjennom kroppsspråk, pust, tone og ord. Dei går inn i kjensla og namngjer ho. Om nødvendig, hjelp og støtte i problemløysinga ved å gje trøyst, peike ut ei retning, assistere eller setje grenser.

Organisering og leiing:

Organisering og leiing handlar om korleis dei tilsette i barnehagen skaper ein barnehagekvardag som hjelper barna å utvikle god sjølvregulering, halde fokus og vise interesse for lek og læringssituasjonar. Dei tilsette etablerer og opprettheld rutinar og struktur for å skape føreseielege rammer og tryggleik slik at barna kan engasjere seg i meningsfulle aktivitetar som fremjar god utvikling.

Gruppleiing og rettleiing: Dei tilsette er proaktive og har klare forventningar til åtferd. Dei gir merksemd til ønska åtferd og skaper trygge og føreseielege rammer.

Legge til rette for lek, læring og overgangar:

Avdelingane har klare rutinar og dei tilsette sikrar gode og flytande overgangar. Barna kjenner til reglar, og barnehagekvardagen er prega av lite venting. Innhald og aktivitetar er godt førebudd.

Variasjon: Det er varierte og interessante materiale i

barna si høgde. Dei tilsette tek barna sitt perspektiv og legg til rette for barna si deltaking i aktivitetar.

Læringsstøtte:

Læringsstøtte handlar om at dei tilsette gir støtte til barn si læring. Det teoretiske grunnlaget kjem hovudsakleg frå forskning på kognitiv utvikling og språkutvikling. Der vektlegg ein skilnaden mellom det å berre læra fakta og læring av korleis fakta heng saman, er organisert og avhengig av kvarandre. Barn si kognitive og språklege utvikling er avhengig av moglegheitene dei får til å nytta dei eksisterande dugleikane sine, og om dei tilsette støttar utviklinga av stadig meir komplekse ferdigheiter. Læring skjer når barna er i samspel, er aktive og opplev meaning og engasjement. Rein introduksjon eignar seg ikkje for barn i barnehagealder. Dei har behov for å delta, medverke og oppleve meaning for at læring skal kunne skje.

Omgrepsutvikling, forståing og djupnelæring:

Dei tilsette brukar læringsfremjande diskusjonar og aktivitetar saman med barna. Læring handlar ikkje berre om å tileigna seg kunnskap, men også om å nytta denne kunnskapen i nye situasjonar. Dei tilsette legg mest vekt på å auke barna si forståing, heller enn å berre gjennomføre læringsaktiviteten. Dei tilsette relaterer nye omgrep til situasjonar, hendingar eller objekt barna er kjend med. Attkjenning fremjar læring. Dei tilsette etterspør barna si tenking og problemløysing.

Tilbakemeldingar: Barn treng tilbakemeldingar på eiga læring for å få mest mogleg ut av ein situasjon eller aktivitet. Når barna er i lek og held på med aktivitetar kan dei tilsette gi hint og støtte, enten verbalt eller fysisk, eller stille spørsmål og komme med innspel for at barna skal halde på med ei oppgåve lenger, og dermed oppnå auka læring og meistring. Målet er tilbakemeldingssirklar, det vil seie gjentakande spørsmål-svar-sekvensar, slik at barnet kan få ei djupare forståing av det aktuelle temaet. Anerkjenning av barna sin innsats og gjennomføring vil og gi motivasjon til å fortsetje.

Språk: I språkstøtte er det viktig med hyppige samtalar med barna, og fram- og tilbake utvekslingar mellom barn og tilsette. Dei tilsette snakkar med barna, ikkje til dei. Tilsette stiller mange opne spørsmål, der det blir kravd meir enn eitt eller to ord til svar, dei repeterer og vidareutviklar barna sine utsegner, set ord på det dei sjølv gjer og det barnet gjer. Tilsette har fokus på å nytta variert språk, forklara ord og knyta ord til hendingar og erfaringar her og no. Dei har ein klar intensjon om å fremje barna sitt språk både i samspel mellom barna, og mellom barn og tilsette.

Eigenleing i lek og læring: Eigenleing er funksjonar i hjernen som er viktige for å setja i gong, styra og regulera tankar og handlingar. Når dei tilsette legg til rette for eit variert og rikt leikemiljø og deltek i barna sin lek støttar dei barna si utvikling innanfor eigenleingsfunksjonane.



Eigenleingshjulet med dei sju eigenleingsfunksjonane



Vårt arbeid med Barnet først

I Ølensjøen FUS skal alle barn ha ein kvardag prega av omsorg og tryggleik. Omsorgsfulle relasjonar er prega av at dei vaksne er sensitive, har evne til å lytte, viser innleving og har vilje til samspel. God omsorg styrker barna sine føresetnadar for å utvikla tillit til seg sjølve og andre, og for gradvis å ta større ansvar for seg sjølve og andre barn rundt seg. Omsorg handlar om eit positivt samspel mellom personalet og barn, og at det er eit positivt klima mellom barn-barn, barn-personale og mellom personale.

Tryggleik er ein føresetnad for læring og godt vennskap. Dei tilsette skal stilla opne spørsmål, som igjen stimulerer til gode kvardagssamtalar. Dei skal respondere på barna sine verbale og nonverbale uttrykk og støtte deira språkutvikling. I forhold til nonverbale uttrykk er dette særskild gjeldande saman med dei yngste barna. Barnehagen skal bidra til at språkleg mangfald blir ei føremon for heile barnegruppa, støtte fleirspråklege barn i å bruka sitt morsmål og samstundes aktivt fremja barnet sin norskkompetanse.

Kvalitetsutvikling

Barnet først er forutan FUS sitt slagord også ei kompetansesatsing i FUS barnehagane. Barnet først byggjer på eit forskningsbasert program, Tuning in to kids (TIK), som har som mål å styrke barna sin

emosjonelle og sosiale kompetanse. Ved bruk av TIK vil personalet møte barnet sitt kjensle-uttrykk med nærleik og forståing og slik kunne støtte både eiga og barnet si evne til sjølvregulering. For å kvalitetssikra relasjonskompetansen til dei tilsette i Ølensjøen FUS barnehage nyttar me CLASS (Classroom assessment scoring system). Ved hjelp av CLASS blir det gjort observasjonar av dei tilsette sine kvalitetar og forbetningsområde i interaksjon med barna, og dette skal bidra til å fremje trygg omsorg, god organisering og støtte til barns utforskning og læring. CLASS ivaretek intern kompetanseutvikling, implementering av Rammeplanen og ekstern barnehagevurdering. Med eit solid observasjonsverktøy sikrar me i større grad styrking av kvalitetsarbeid i Ølensjøen FUS barnehage. I barnehagen har me per dags dato tre sertifiserte CLASS observatørar.

Danning

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikla evna til å reflektera over eigne handlingar og veremåte. Gjennom danning blir det overført verdiar, normer, demokratiforståing, tankar og uttrykks- og handlingsmåtar. Danning skal setja barna i stand til å tenkje sjølv og søke kunnskap. For at barna skal få gode erfaringar er det viktig at personalet i barnehagen viser interesse og respekt for det barna seier og måten dei kommuniserer på. Vaksne som stiller gode og rettleiande spørsmål og viser interesse og respekt er nærverande vaksne. I dannelsingsprosessen vil barna få stadfestingar frå dei tilsette som styrkjer sjølvkjensla og bidreg til at barna tenkjer «Eg er viktig!», at andre tek meg på alvor og at eg kan bidra til fellesskapet.

Gjennom lek, samspel, utforskande samtalar og dialog skal me i Ølensjøen FUS bidra til at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne og handlingskompetanse. Dannelsingsprosessen kan vere med på å gi barna ei auka forståing for grunnleggjande verdiar som empati, tolmodigheit, solidaritet og evne til medansvar.

Leik

I Ølensjøen FUS ynskjer me at leiken skal komme først fordi lek er læring. Barn brukar mykje av si tid i barnehagen og det er derfor viktig at barnehagen er ein trygg og god stad, tilrettelagt for lek, kreativitet og meistring. Me vil ha søkelys på eit

utviklande leikemiljø med tilpassa rettleiing, slik at barna kan få tileigna seg kunnskapar og oppleva meistring i kvardagen sin her hos oss. Leiken skal vere ein arena for barn si utviking og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Gjennom å spela på interessene til barna kan me inspirera til og gi rom for ulike typar lek både inne og ute. Leiken skal samstundes bidra til at alle barn kan oppleva glede, humor, spenning og engasjement- åleine og saman med andre. I praksis omfattar dette at me i personalet er deltakande i å berike leiken på barna sine premisser. Me observerer, analyserer, støttar og rettleier barna dersom leiken medfører uheldige samspelmønster. Rolla vår omfattar at me tek initiativ til lek og aktivt bidreg til at alle skal få delta i leiken.

Eigenleing i lek og læring

Eigenleing blir ofte omtalt som «hjernen sin dirigent» og viser til dei funksjonane i hjernen som set i gong og styrer det vi seier og gjer. For å handtera utfordringar i kvardagen må barn ta i bruk mange ulike ferdigheiter, og eigenleing er avgjerande for at dei skal kunna nytta desse ferdigheitene best mogeleg. Dette gjeld også i leiken. Lek er den viktigaste læringsarenaen til barn, og særleg rolleleik eignar seg godt for å utvikla eigenleingsfunksjonane. For at dette skal skje er det viktig at personalet i barnehagen deltek og støttar barna i lek og samspel og legg til rette for lek- og læringssituasjonar som fremjar utviklinga av eigenleingsfunksjonane.





5. BARNS MEDVERKNAD

“Barnehagen skal ivareta barnas rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntra til at barna kan få gitt uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege medverknad. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.”

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27)

Medverknad i barnehagen handlar om å gje barna moglegheit til å påverka sin eigen kvardag og barnehagen sitt fellesliv. Me vil oppmuntra dei til aktivt å gi uttrykk for sine tankar og meiningar og møta dei med anerkjenning for deira synspunkt. Å medverke er ikkje det same som å bestemme. Barnet vil etterkvart lære å forstå forskjellen på det å bli høyrte og lytta til og få vera med å påverka, og det å bestemma sjølv. Å sjå kvar enkelt sitt behov og gruppa i heilskap er svært viktig i forhold til organisering og planlegging i vår barnehage.

Våre metodar for å sikre barns medverknad:

- Vaksne som lyttar, anerkjenner og tek barna sine signal på alvor
- Barna får velje kva, kor og kven dei vil leika med
- Tar barna med i planlegging og vurdering av tema, prosjekt og opplegg
- Bruka praksisforteljingar for å belyse kva barna er opptekne av.
- Møte barna på deira spontane uttrykk og ytringar i kvardagen.



6. SAMARBEID

“Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagens personale har et felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.”

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29)

Våre metodar for å skape eit godt foreldresamarbeid:

Kva	Korleis	Kvifor
Årsplan	Ligg på barnehagen si nettside.	Informasjon om våre arbeidsmåtar, fokus- og satsingsområde.
Hente- og bringe-situasjon	Dialog og informasjon om barnet.	Den viktigaste arenaen for kommunikasjon. Me ynskjer å ha ein open dialog med foreldre og føresette for å ha ei felles forståing og respekt for barnet sine behov. Me vil vera gode rettleiarar dersom foreldra treng innspel og hjelp.
MyKid	Nettbasert kommunikasjonsverktøy.	God informasjonsflyt mellom heim og barnehage. Personleg kommunikasjon er framleis viktigast.
Vekeplan, dagen-i-dag og bilete	Kvar avdeling har plan for innhaldet i veka. Bilete og dagen-i-dag blir lagt ut jamleg. Ligg på MyKid.	Informasjon til foreldra.
Foreldremøte	Foreldremøte om hausten. Informasjon om barnehagen og aktuelle tema.	Informasjon om året som kjem. Tema som er aktuelle for barnehage og foreldre og for samarbeidet om barnet sitt beste.
Foreldresamtalar	Oppstartsamtale etter 3-6 veker. Samtale om hausten og tilbod om samtale om våren.	Informasjonsutveksling om enkeltbarnet.
Arrangement	Grønsakssuppefest, besøksdag og sommarfest.	Familie på besøk i barnehagen, innblikk i barnehage-livet.
Brukarundersøking	Foreldra blir årleg invitert til å svara på undersøkinga. Høg deltaking skaper godt grunnlag for vårt vurderingsarbeid. Resultat og målsetjingar blir kommunisert vidare til foreldra.	Få informasjon om korleis foreldra opplever barnehagetilbodet. Resultata blir brukt for å vidareutvikla tenestene våre.

Alle opplever utfordringar i foreldrerolla i større eller mindre grad. I enkelte tilfelle vert ikkje barnet godt nok ivaretatt, omsorga er ikkje tilstrekkeleg på alle områder. Dette er signaler som barnet gir i barnehagen og som personalet har plikt til å gripe tak i. Me ynskjer å vera tydelege i denne prosessen, formidle konsekvensar det får for barnet. Det er samstundes særskilt viktig for oss å møte foreldra med respekt og forståing, vera audmjuke og anerkjennande.



Samarbeid med andre instansar:



Samarbeidsutvalet (SU)

SU består av to representantar frå dei tilsette og to frå foreldra, samt dagleg leiar. Alle avdelingar vel kvar sin representant, der to sit i SU og fire er vararepresentantar. SU si oppgåve er å sjå til at barnehagen vert driven innanfor gitte rammer, og vera eit samarbeidsorgan mellom føresette, eigar og personalet. Utvalet bestemmer sjølv kor ofte dei skal møtast (minimum to gonger pr år) og skal mellom anna behandle eventuelle innspel frå foreldregruppa.

Foreldrerådet består av foreldre og har som føremål å sikra samarbeid mellom heim og barnehage. Dei skal sjå til at foreldra sine interesser vert ivaretekne.

Andre samarbeidspartnerar:

- Helsestasjon
- Familieteamet
- Barnevern
- Vindafjord kommune
- Nettverksbarnehagar i FUS
- PPT
- Psykisk helse
- Høgskulen Vestlandet (HVL) og Universitetet i Stavanger (UiS)
- Ølen vidaregåande skule (elevlar i praksis)
- FUS administrasjon
- Ølen og Vågen skule
- Moowh – HMS bedriftshelsetenesta
- Integreringstenesta





7. OVERGANGAR

Tilvenning i barnehagen

“Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn.”

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

Våre metodar for å sikre ei trygg og god tilvenning:

- Foreldremøte i forkant av oppstart for nye barn.
- Set av god tid til tilvenning for alle barn.
- Gi føresette informasjon om barnehagen sine rutinar for oppstart og tilvenning og bakgrunn for rutinane.
- Invitere alle barn og føresette til besøksdagar før oppstart .
- Foreldreaktiv tilvenning: Har tett dialog med føresette i tilvenningsperioden, individuelle behov blir vurdert og ivaretatt.
- Gjennomføre ein oppstartsamtale kort tid etter oppstart.
- Leggje til rette for ein trygg og god oppstart uansett når barna byrjar og alder.

Sjå heimesida:

Tilvenning

<https://fus.no/olensjoen/tilvenning>

Overganger i barnehagen

“Personalet skal sørge for at barnet og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn og personale når eit barn byter barnegruppe.” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33)

Våre metodar for å sikra gode overganger i barnehagen:

- Tek omsyn til vennskap og gruppesamansetjing.
- Opprykksveke i juni med besøk på ny avdeling, bli kjent med miljøet og dei vaksne.
- Øve på sjølvstende.
- Sende ut velkomstbrev frå ny avdeling til barna.
- Tilby foreldresamtale.

Overgang frå barnehage til skule

“Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordninga. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner.”

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33)

Våre metodar for å sikre ein god overgang til skulen:


- Arrangera aktivitetar med fadrar før skulestart.
- Besøkje skuleområdet, både inne og ute.
- Bruke bassenget på Ølen skule fast gjennom året.
- Arrangera foreldremøte i samarbeid med Ølen skule før skulestart, informere om overgang, leikbasert læring, besøksdag og første skuledag.
- Rutinen for overgangen mellom barnehage og skule er forpliktande for både skule, barnehage og PPT. Rektor og styrar er ansvarlege for gjennomføringa.

Sjå Vindafjord kommune si nettside:

Overgangsprosedyrar

https://www.vindafjord.kommune.no/_f/p14/iacb820fc-5de8-4e08-a33a-fcfe3b6dd769/

overgangsprosedyrar-barnehage-og-skule-nov-2019.pdf





8. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Lærande organisasjon

“Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd, er å gi barna et tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnlagt i barnehagelova og rammeplanen.”

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37)

I FUS er me lærande barnehagar. Personalet er i kontinuerleg utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, held seg fagleg oppdatert og er gode rollemodellar. Senge (2006) seier: “ein lærande organisasjon er ein organisasjon som kontinuerleg forbetrar si evne til å skape si eiga framtid.” Me legg difor vekt på at personalet utviklar evnene sine og byggjer kapasiteten sin slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente tilsette.

Våre metodar for å oppretthalde ein lærande organisasjon:

- Gjennomføre lærande møter
- Kompetanseheving, rettleiing
- Delingskultur
- Struktur, målretta arbeid, bevisst metodeval
- Refleksjonsarbeid
- Bruk av teoretisk og erfaringsbasert kunnskap
- Tydeleg leiing



Planlegging

“Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.”

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37)

Våre metodar for planlegging:

- Observasjon
- Dokumentasjon
- Refleksjon
- Systematisk vurdering
- Samtalar med foreldre og barn
- Bruk av implementeringsplan og Teams som digital plattform

Vurdering

“Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Barnets trivsel og allsidige utvikling skal observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadane til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget.”

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38)

Våre metodar for vurdering:

Personale, barn og foreldre deltek i vurderingsarbeidet gjennom samtalar, diskusjonar og brukar- og medarbeidarundersøkingar. Saman drøftar me og finn ut kva barnehagen er gode på og skal oppretthalde og kva me ønsker å endre og korrigere.

- Arbeidet i CLASS vert fortløpande vurdert på personalmøte ved bruk av eige vurderingsskjema.
- Årleg observasjon av CLASS observatør.
- Anna vurderingsarbeid/observasjonsverktøy:
 - Praksisforteljingar
 - TRAS og ALLE MED
 - SIT språkkartlegging
 - Askeladden språktest
 - Språk 5-6

– Omgrepsforståing

– Barnesamtalar

Barnehageåret 25/26 arbeidde barnehagen med vurderingsarbeidet inkludering i uteleiken. Arbeidet omfatta observasjon av vaksenrolla og leik i utetida, og gjennom analyse og refleksjon vart det utarbeida eit framtidsbilete og sett mål og tiltak for områda leikemateriale, barn sin medverknad og vaksenrolla. Barnehageåret 26/27 skal barnehagen halda fram med dette arbeidet og gjennomføra, vurdere og evaluera tiltak.

Dokumentasjon

“Dokumentasjon av personalets arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.”

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 39)

Våre metodar for dokumentasjon:

Me dokumenterer gjennom observasjonar, bilete og forteljingar som synleggjer vårt pedagogiske arbeid. Dette skaper viktig refleksjonsgrunnlag for drøfting og vurdering av vårt arbeid i barnehagen. Dokumentasjon gir også viktig informasjon til foreldre og andre.

Ulike måtar å dokumentere på:

- Bilete
- Praksisforteljingar
- Pedagogisk rapport
- Mykid
- Utstillingar
- Facebook/Instagram
- Referat

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte

“Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbudet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

Våre metodar for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet:

- Ivareta foreldra og deira medverknad, innhente godkjenning.
- Arbeide systematisk, frå undring/bekymring til handling i ein gitt struktur.
- Å setje inn relevant innsats tidlegast mogleg for barn me ser treng ekstra støtte og rettleiing.
- Kartlegge barn med ulike observasjonsverktøy.
- Samarbeide med helsestasjon, skule, fastlege, PPT, BUP og barnevern.

Vindafjord kommune sin modell for tverrfagleg innsats:

Bti-betre-tverrfagleg-innsats

<https://vindafjord.betreinnsats.no/om-bti/#bti-betre-tverrfagleg-innsats>



9. BARNEHAGENS FAGOMRÅDER



Barnehagen har 7 ulike fagområde:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 47)

Våre metodar for å ivareta rammeplanens føremål med fagområda:

Gjennom barnehageåret vil me ha fokus på ulike tema. Nokre av desse arbeidar me med over lengre periodar, andre er knytt til bestemte merkedagar.

Me har utforma ein plan for ulike tema og prosjekt gjennom barnehageåret. Dei fleste av desse går igjen år etter år, men innhaldet blir tilpassa til barna sin alder og modning. Nokre av aktivitetane høyrer til bestemte aldersgrupper, og barna skal få oppleve

meistring samstundes som dei får høve til å møte nye utfordringar. I møte med ulike tema vil me ha fokus på barna sine interesser og medverknad, og aktivitetane som er nemnde i planen kan bli bytta ut med andre aktivitetar som me ser at fanger barna meir eller me kan velge å fordjupa oss i nokre få aktivitetar.

Kvar avdeling vil tilpassa planane til barnegruppa og dei tilsette følger jamleg opp innhaldet. Dette blir gjort for å sikra at alle fagområda går inn i det pedagogiske opplegget som blir gjennomført på avdelingane.



Barnehageåret 26/27 skal Ølensjøen FUS barnehage arbeida med eit leseprosjekt i samband med Ølen skule sin heilskaplege lesestrategi. Føremålet med strategien er å sikra systematisk arbeid med lesing, tydeleg progresjon og godt samarbeid mellom barnehage, skule og heim. Gjennom fokus på lesing og leseaktivitetar vil barnehagen bidra til at barna får eit godt utgangspunkt for å utvikla lesekompetanse ved skulestart. I barnehagen vil me ha fokus på å fremja barna si leselyst og interesse når dei får oppleve lesing som kjekt og meningsfullt. For å sikra at alle barn blir inkluderte i høgtlesingsstunder og leseaktivitetar vil me nytta bøker som eit viktig verktøy når me arbeidar med dei ulike tema i temaplanen vår. Leseaktivitet er alltid knytt til fagområdet språk, tekst og matematikk. Repetisjon, samtale og konkretiseringsmateriell som er ein naturleg del av formidlingsarbeidet fremjar forståing og djupnelæring av omgrepa som barna møter i bøker. Når me arbeidar med den same boka over tid blir det naturleg å trekka inn andre fagområde ved å utforska ulike detaljar i forteljinga. Bøker er og eit viktig og godt verktøy når me utforskar og vil lære meir om ulike tema.

TEMAPLANER

Tema: Tilvenning og oppstart – trygghet og gruppefellesskap

Periode: august og september

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	- Få ein trygg og god start i barnehagen. - Bli trygg på dei vaksne og andre barn på avdelinga. - Utvikla ei begynnande interesse for dei andre i gruppa.	- Rom for å bli kjent med og utvikla gode relasjonar til andre. - Bli kjent med seg sjølv. - Forståing for å vera ein del av eit fellesskap. - Begynnande forståing for normer og verdiar som er viktige for fellesskapet.	- Bli meir sjølvstendig og øva på å ta ansvar. - Forståing for at alle i fellesskapet påverkar kvarandre.
Gjennom arbeidet skal barna	- Få ein trygg base i personalet på avdelinga. - Delta i fellesskapet og oppleve tilhøyrse og tryggleik til å leika, utforska og læra.	- Utvikla respekt for kvarandre og fellesskapet. - Få forståing for rutinar og praktiske oppgåver i kvardagen. - Utvikla samspel og relasjonar.	- Oppstart S-klubb. - Bli meir sjølvhjelpen i kvardagen, td. måltid, påkledding og toalettbesøk.
Personalet skal	- Bruka tryggleikssirkelen. - Fokus på toddlerleik og aktivitet som er meningsfull for barn. - Skapa gode møtestader i leikemiljøet. - Bruka reguleringsstøtte og emosjonsrettlegg. - Leggja til rette for foreldreaktiv tilvenning, godt foreldresamarbeid og skapa relasjonar til foreldre og barn.	- Leggja til rette for gode relasjonar. - Skapa felles leikereferansar. - Væra støttande stillas, rettleia og støtta i kvardagssituasjonar og samspel med andre barn og bidra til at barna blir meir sjølvstendige.	- Involvera barna i å laga reglar for korleis me vil ha det, samtala og reflektera saman med barna. - Støtta barna si sosiale utvikling og venskapsrelasjonar.
Leik og aktivitetar	- Mi bok/mitt hus - Overgangsobjekt - Song, bøker, rim og regler - Leikemiljø og materiell etter barna sine interesser - Estetiske opplevingar	- Aktivitetar knytt til gruppefellesskap; samlingar med namnesongar og regler, song, forteljing og felles aktivitetar - Leik og aktivitet i mindre leikegrupper - Øva på rutinar og normer i kvardagssituasjonar, delta og få fleire praktiske oppgåver	S-klubb med eige opplegg for barna som skal byrja på skulen
Fagområde frå Rammeplanen	- Kommunikasjon, språk og tekst - Nærmiljø og samfunn		



Tema: Brannvernveke

Periode: september - veke 38

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	Bli kjent med og trygge på brannalarmen.	- Ha forståing for kva me skal gjera når brannalarmen går. - Få kjennskap til brannvern.	Ha grunnleggjande kunnskap om evakuering og brannvern.
Gjennom arbeidet skal barna	- Bli introdusert for brannalarmen. - Få erfaringar relatert til brannvern gjennom ulike aktivitetar.	- Forstå og øva på evakuering. - Bli introdusert for brannvern og ulike omgrep knytt til temaet.	- Læra telefonnummeret til brannvesenet og korleis ein varslar. - Få meir kunnskap om brannvern og førebygging.
Personalet skal	- Kunna brannvernrutinane i barnehagen. - Tilby materiell for leik og læring om temaet brannvern. - Trygga barn som blir engstlege eller redde.		
Leik og aktivitetar	- Biletbøker, song og musikk om temaet - Formingsaktivitet - Leiketema inne og ute – td. spyla på «flammar» på vindauga - Besøka brannstasjonen - Besøk av brannbilen - Brannøving	- Leikemiljø knytt til temaet brann og brannvern - Bøker om temaet - Nytta ipad/internett for å finna meir informasjon	
Fagområde frå Rammeplanen	- Kommunikasjon, språk og tekst - Natur, miljø og teknologi - Nærmiljø og samfunn		

Tema: Mangfald og fellesskap – internasjonal månad

Periode: oktober

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	- Fremja forståing og respekt for mangfaldet av kulturar i barnehagen og i samfunnet. - Synleggjera verdien av mangfald og inkludering.		
Gjennom arbeidet skal barna	- Bli kjent med mangfaldet av kulturar og språk som er representert i barnehagen. - Møta identitetsbekrefting og få ei oppleving av å vera ein viktig del av fellesskapet. - Utvikla respekt og forståing for likskapar og ulikskap.		
Personalet skal	- Synleggjera mangfaldet i barnegruppa og bruka det som ein ressurs i det daglege arbeidet i barnehagen. - Bidra til at barna utviklar toleranse, interesse og respekt for menneske med ulik kulturell tilhøyrse. - Sjå og anerkjenna kvart enkelt barn og synleggjera enkeltbarnet sin verdi for fellesskapet. - Utforska og undra seg over forskjellar og likskapar saman med barna. - Involvera føresette i planlegging og markering av dei ulike nasjonalitetane om dei ønskjer det.		
Leik og aktivitetar	- Synleggjera land og kulturar som er representerte i gruppa med plakatar med bilete, flagg, «hei» på ulike språk, td. i garderoben - Utforska og læra om landa som barna har tilknytning til, gjennom språk, musikk/song, flagg, forteljingar/bøker, mat - Studera kart og globus - Samlingar med fokus på kvart enkelt land, «besøka» dei ulike landa		
Fagområde frå Rammeplanen	- Kunst, kultur og kreativitet - Etikk, religion og filosofi - Nærmiljø og samfunn		

Tema: Advent og jul – forventning og glede

Periode: desember

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	- Få nokre erfaringar knytt til advent og juleførebuing. - Oppleva tilhøyrse og fellesskap.	Få kjennskap til tradisjonar og symbol knytt til advent og jul.	Få meir kunnskap om markering av julehøgtida.
Gjennom arbeidet skal barna	- Bli introdusert for nokre enkle tradisjonar. - Bli kjent med ulike omgrep knytt til advent og jul. - Få gode sanseopplevingar.	- Bli kjent med songar, musikk og forteljingar. - Bli kjent med ulike tradisjonar. - Få erfaring med å skape glede for andre. - Ta i bruk eigen kreativitet og skaparglede i møte med ulike materiale.	Få kjennskap juleforteljinga i kristen tradisjon og kvifor me feirar jul.
Personalet skal	- Leggja til rette for gode fellesopplevingar. - Skape stemning, forventning og spenning.	Gi barna kjennskap til og erfaring med ulike tradisjonar.	Formidla og invitera barna til undring, utforskning og samtale.
Leik og aktivitetar	- Enkle samlingar med song, musikk og forteljing knytt til advent og jul - Julekalender og nedteljing - Nissefest på avdelinga - Skapande aktivitet med ulike materiale, laga julepynt og julegåver - Julebakst	Felles Luciatog for storbarns-avdelingane i barnehagen	- Luciatog på sjukeheimen - Julevandring i kyrkja
Fagområde frå Rammeplanen	- Kommunikasjon, språk og tekst - Kunst, kultur og kreativitet - Mengd, rom og form - Etikk, religion og filosofi		



Tema: Kropp, seksualitet og tannhelse

Periode: januar og februar



	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	Begynnande bevisstheit om eigen kropp.	- Bevisstheit om eigen kropp og grenser. - Begynnande bevisstheit om andre sine grenser.	- Bevisst forhold til kropp og grenser. - Forståing for andre sine grenser.
Gjennom arbeidet skal barna	- Begynnande kjennskap til kroppen og ulike kroppsdelar. - Prøva nye smakar, bruka sansane – lukt og smak. - Oppleva matglede.	- Kunna setja ord på menneskekroppen. - Begynnande kunnskap om positiv seksualitet. - Kjennskap til skilnad mellom sunn og usunn mat.	- Kunnskap om menneskekroppen. - Utvikla positiv sjølvoppfatning. - Kunnskap om kosthald og mat og ei positiv haldning til mat.
Personalet skal	- Bidra til at barna får kunnskap om menneskekroppen og om egne og andre sine grenser. - Vera aktive og nærværande og leggje til rette for varierte kroppslege erfaringar og utfordringar i samsvar med barna sin alder og utvikling. - Vera støttande stillas, gje «nok» hjelp, støtte og rettleiing. - Ha kunnskap om og praktisera myndigheitene sine anbefalingar og føringar for helsefremjande og førebyggjande tiltak for barn.		
Leik og aktivitetar	- Benevna kroppsdelar, bevegelsesleikar og song - Bøker om kropp og påkledning (td. Ludde) - Besøk av tannpleiar for dei eldste - Bruka kroppen, motoriske utfordringar og aktivitet inne og ute	- Bruka ulike sansar, lytta, sjå, smaka, lukta og ta på - Aktivitet som utfordrar og fremjar fin- og grovmotorisk utvikling - Yoga - Formingsaktivitet, «laga» kropp/tenner - Film «den magiske kroppen» og «kroppen min eier jeg» - Opplegg med tannpleiar - Sjå på forskjellig mat, sortera sunn og usunn mat	- Refleksjon og samtale om kropp og grenser - Lengre turar og større motoriske utfordringar
Fagområde frå Rammeplanen	- Kommunikasjon, språk og tekst - Kropp, rørsle, mat og helse - Kunst, kultur og kreativitet - Nærmiljø og samfunn		



Tema: Vennskap og kjensler

Periode: februar og mars

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	- Begynnande forståing for egne kjensler og ulike kjensleuttrykk. - Utvikla ei begynnande interesse for og respekt for kvarandre.	- Forstå ulike kjensler og kjensleuttrykk. - Utvikla relasjonar og begynnande vennskap med andre barn.	- Forståing for at eigen veremåte påverkar relasjonen til andre. - Forståing for å være ein del av eit fellesskap.
Gjennom arbeidet skal barna	- Møta og bli kjent med ulike kjensler og kjensleuttrykk. - Få erfaring med å syna omsorg for andre. - Oppleva å delta i eit fellesskap.	- Setja ord på egne og andre sine kjensler. - Utvikla sjølvregulering. - Jobba med sosial kompetanse og læra å omgåast kvarandre på ein god måte. - Øva på å ta kontakt med andre, invitera inn i leik og å koma inn i eksisterande leik.	- Få erfaring med gode og hensiktsmessige strategiar for å handtera egne kjensler. - Utvikla fleksibilitet, takla motgang, krav og utfordringar, forhalda seg til rutinar og reglar. - Jobba vidare med sosial kompetanse. - Bli meir sjølvstendige i å løysa konflikhtar, sjølvregulering og fleksibilitet.
Personalet skal	- Vera sensitive for barna sine kjensleuttrykk og setja ord på desse. - Nytta emosjonsrettlegging og reguleringsstøtte. - Leggja til rette for toddlerleik og utvikla leikemiljø med gode møtestader.	- Vera støttande stillas; rettleia og støtta barna i samspelet med andre barn. - Skapa gode fellesopplevingar og felles referansar som barna kan ta med seg inn i leiken. - Leggja til rette for aktivitet og leik i gruppa. - Leggja til rette for samtalar og refleksjon rundt hendingar, opplevingar og forteljingar.	- Gje barna rom for å løysa konflikhtar sjølv, bli meir sjølvstendige. - Bidra til at barna utviklar toleranse, interesse og respekt for kvarandre.
Leik og aktivitetar	- Samlingar der alle deltek i fellesskapet – namnesongar, songleikar - Songar, bøker, eventyr og forteljingar om vennskap og kjensler - Studera og snakka om ulike ansiktsuttrykk - Frileik/parallelleik, øva på å dela	- Bruka bilete/samtalekort, bøker og forteljingar som utgangspunkt for refleksjon og samtalar om vennskap og kjensler - Gleding – gjera andre glade	- S-klubb med eige felles opplegg - Barnesamtalar
Fagområde frå Rammeplanen	- Kommunikasjon, språk og tekst - Kropp, rørsle, mat og helse - Kunst, kultur og kreativitet - Etikk, religion og filosofi		



Tema: Samane sin nasjonaldag

Periode: februar

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	Få nokre opplevingar og inntrykk knytt til samisk kultur.	Få kjennskap til samisk kultur, tradisjon og språk.	Utvikla forståing og respekt for den samiske kulturen.
Gjennom arbeidet skal barna	Delta på enkel markering av samane sin nasjonaldag.	Få kunnskap om samisk levesett før og no gjennom historieforteljning, bilete/film og artefakter.	Læra meir om samisk kultur og tradisjon.
Personalet skal	Introdusera nokre element frå samisk kultur.	Formidla samisk kultur og tradisjonar på ein respektfull måte.	Utforska temaet saman med barna, ta tak i barna sitt perspektiv og interesse.
Leik og aktivitetar	- Markering av samane sin nasjonaldag i samlingsstund - Introdusera konkretar/ artefaktar knytt til samisk kultur - Skapande aktivitet - Smake på samisk mat	- Bli kjent med samisk språk og det samiske flagget - Formingsaktivitet, laga kunstuttrykk knytt til samisk kultur - Lytta til musikk frå samisk kultur, joik - Samiske eventyr og forteljingar	- Få meir kjennskap til samisk språk, kultur og litteratur - Nytta ipad/internett for å finna meir informasjon - Filmar på nrksuper
Fagområde frå Rammeplanen	- Kommunikasjon, språk og tekst - Kunst, kultur og kreativitet - Etikk, religion og filosofi - Nærmiljø og samfunn		

Tema: Karneval

Periode: februar

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	- Skapa ei fellesoppleving for heile barnehagen med fokus på glede og fest. - Bidra til samhald og tilhøyrse.		
Gjennom arbeidet skal barna	- Bli introdusert for og oppleve karneval. - Delta og bli inkludert.	- Delta i førebuinga til karneval, pynta på sin avdeling. - Oppleva forventning, glede og fellesskap på eigen avdeling og på tvers av avdelingar.	
Personalet skal	- Planleggja og bidra til å skapa ein god dag med fokus på fargar, glede og engasjement. - Ivareta barna, støtta og utfordra.		
Leik og aktivitetar	- Sjå på sambatoget, dei eldste deltek saman med vaksne - Musikk og dans - Katta i sekken - Ansiktsmaling	- Felles sambatog for storbarnsavdelingane - Organisert avdelingsvis leik og aktivitet med stasjonar der vaksne legg til rette for planlagde aktivitetar, td. stolleiken, setja nase på klovnen, kasta ball i bøtte, danseleik	
Fagområde frå Rammeplanen	- Kommunikasjon, språk og tekst - Kropp, rørsle, mat og helse - Kunst, kultur og kreativitet		

Tema: Påske – nytt liv og vår

Periode: mars

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	Bli introdusert for nokre tradisjonar knytt til påske.	Få kjennskap til tradisjonar og symbol knytt til påske.	Få kjennskap til markering av påskehøgtida.
Gjennom arbeidet skal barna	Få sanseopplevingar og estetiske erfaringar med ulike fenomen knytt til påske.	- Utforska temaet nytt liv gjennom endringane som skjer i naturen om våren. - Utforska fargar gjennom skapande aktivitet og ulike materiale. - Møta songar, forteljingar, musikk o.l. som tematiserer påske, vår og nytt liv.	Bli kjent med påskeforteljinga i kristen tradisjon.
Personalet skal	Legge til rette for felles samlingar og aktivitetar knytt til temaet som innbyr til utforsking og estetiske erfaringar.	Knyta aktivitetar til påsken sitt tema.	Formidla og invitera barna til undring, utforsking og samtale.
Leik og aktivitetar	- Formingsaktivitet, laga påskepynt og pynta på avdelinga eller uteområdet - Tur med påskeeggjakt - Så karse eller andre frø - Songar, bøker og forteljingar - Påskefrukost for barna		Påskevandring i kyrkja
Fagområde frå Rammeplanen	- Kommunikasjon, språk og tekst - Kunst, kultur og kreativitet - Etikk, religion og filosofi		

Tema: Trafikkveke

Periode: veke 14

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	Få erfaring med og begynnande forståing for trafikk og ferdsel i trafikken.	- Få forståing for grunnleggjande reglar i trafikken. - Leggja grunnlag for gode haldningar og vanar.	Få kunnskap om å orientera seg og ferdast trygt i trafikken som fotgjengar.
Gjennom arbeidet skal barna	Bli introdusert for biltrafikk og nokre omgrep knytt til trafikk.	- Bli introdusert for trafikkreglane for fotgjengarar. - Bli introdusert for sikring i bil, bruk av refleks og sykkelhjelm.	- Læra seg enkle trafikkreglar. - Øva på sikker åtferd i trafikken.
Personalet skal	- Leggja til rette for turar langs vegen i nærmiljøet. - Tilby materiell som innbyr barna til utforsking, samtale og læring av omgrep.	- Leggja til rette for turar der barna får erfaring med å ferdast i trafikken. - Gje barna kjennskap til farane i trafikken og reglane som gjeld for fotgjengarar.	- Leggja til rette for at barna får øva på å ferdast i trafikken. - Være rollemodellar når dei ferdast i trafikken.
Leik og aktivitetar	- Tur i nærmiljøet der ein ser etter ulike kjøretøy, skilt og symbol «Besøka» FUS bussen - Bøker og bilete - Leikemiljø knytt til temaet	- Tur i nærmiljøet - Trafikkbingo - Sykkelveg med merking og trafikkskilt på uteområdet i barnehagen - Synleggjera skilt og symbol i leikemiljøet på avdelinga - Samtale om bruk av refleks, sikring i bil og på sykkel - Filmar på nrksuper	
Fagområde frå Rammeplanen	- Kommunikasjon, språk og tekst - Nærmiljø og samfunn		

Tema: Friluftsliv, sporlaus ferdsl - det spirer og gror

Periode: april og mai

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	- Meistra turar i nærområdet tilpassa barna si utvikling. - Erfaringar knytt til naturen, oppleve undring, glede og meistring.	- Meistra turar lenger vekk frå barnehagen, også med buss. - Nytta naturen som arena for lek og læring. - Få begynnande forståing for omgrepet berekraft.	- Meistra lengre og meir utfordrande turar. - Læra om korleis ein kan bruka naturen på ein god måte. - Få erfaring med sporlaus ferdsl.
Gjennom arbeidet skal barna	- Vera med på kortare turar der dei møter utfordringar og får oppleve meistring. - Studera og bli kjent med naturen både på barnehagen sitt uteområde og ute på tur.	- Delta på turar til ulike og varierte turmål. - Møta motoriske utfordringar og meir ulendt terreng. - Utforska mangfaldet i naturen, bli kjent med naturfenomen, flora og fauna. - Få begynnande kunnskap om å ta vare på naturen og bidra til berekraftig utvikling.	- Delta på lengre og meir krevjande turar og læra meir om friluftsliv. - Få forståing for samanhengar i naturen. - Få erfaring med samiske tradisjonar. - Læra om å ta vare på seg sjølv. - Bli merksame på korleis me brukar ressursar. - Læra av eldre generasjonar.
Personalet skal	- Leggja til rette for tur i variert terreng. - Leggja til rette for at barna får utforska både barnehageområdet og naturen i nærområdet.	- Leggja til rette for varierte turerfaringar. - Følgja barna si nysgjerrigheit og interesse for ulike naturfenomen og utforska, oppsøka og formidla kunnskap.	- Leggja til rette for lengre og meir krevjande turar. - Fremja barna si forståing for økosystemet og samspelet i naturen. - Leggja til rette for at barna kan stille spørsmål, reflektera og lage egne forklaringar på problemstillingar og - delta i samtalar om det dei har erfart.
Leik og aktivitetar	- Korte turar i nærområdet - Gå på variert underlag, oppover- og nedoverbakke - Studera fuglar og dyr - Mata fuglar - Så frø - Plukka søppel - Formingsaktivitet med naturmateriale - Songar, bøker og forteljingar til temaet	- Turar til skog, fjell, sjø og vatn - Laga mat og eta ute - Laga bål og rydda turplassen - Sjå etter fuglar og dyr på uteområdet og på tur, utforska og læra om livssyklus - Bruka faktabøker	- Lengre turar med - S-klubben kvar veke - Bli kjent med lokal historie og tradisjonar - Bruke kroppen for å utvikle romforståing - gjennom ulike - perspektiv
Fagområde frå Rammeplanen	- Kommunikasjon, språk og tekst - Kropp, rørsle, mat og helse - Kunst, kultur og kreativitet - Mengd, rom og form - Nærmiljø og samfunn		

Tema: Overgang – til ny avdeling og skule

Periode: mai og juni

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	Førebu og leggja til rette for ein god oppstart på ny avdeling i barnehagen.		- Førebu og leggja til rette for ein trygg og god overgang til skulen. - Skapa mogelegheit til å gle seg til å byrja på skulen og skapa samanheng mellom barnehage og skule.
Gjennom arbeidet skal barna	- Bli kjent med avdelinga dei skal byrja på til hausten. - Møta barn og vaksne som skal vera på avdelinga dei skal gå på til hausten.		- Avslutta tida i barnehagen. - Bli kjent med skulen dei skal byrja på til hausten. - Få eit godt grunnlag for å møta skulen med motivasjon, nysgjerrigheit og tru på egne evner.
Personalet skal	- Førebu, støtta og trygga barn i overgangen. - Bygga gode relasjonar til barn og foreldre.		
Leik og aktivitetar	Besøksdagar med besøk på avdelinga for barn som skal byrja i barnehagen til hausten	- Opprykksveke med heile dagar på besøk for barn som skal bytta avdeling - Besøk på storbarn sitt uteområde i utetida for barn som skal byrja på stor avdeling - I tida før sommarferien - besøk på den nye avdelinga for å bli enda bedre kjent	- S-klubb dagar med skuleførebuande aktivitetar - Innskrivingsdag på skulen - Tur og aktivitetar med fadrane dei skal møta ved skulestart - Skulebesøk - S-klubb show og fest - Eiga avslutning på barnehagen sin sommarfest
Fagområde frå Rammeplanen	Nærmiljø og samfunn		

Tema: Sommarbarnehage, temaveker: td. sjørøverveke, turveke, leik med vatn, fargar

Periode: juli

	1-3 ÅRINGEN	3-4 ÅRINGEN	5-6 ÅRINGEN
Mål	- Temaveke der barna får erfaring med og opplevingar knytt til eit tema eller fenomen med utgangspunkt i deira interesser. - Innhald som fenger barna og bidrar til engasjement, fellesskap og glede.		
Gjennom arbeidet skal barna	- Delta i varierte aktivitetar, både vaksenstyrt og barnestyrt, som er knytt til tema. - Møta variert pedagogisk innhald og materiell som er knytt til tema.		
Personalet skal	- Setja opp plan for veka, leggja til rette for varierte aktivitetar og tilføra materiell som er knytt til tema. - Planlegga innhaldet med utgangspunkt i barna sine interesser, modning og alder.		
Leik og aktivitetar	- Aktivitetar som utforskar tema på ulike måtar - Leikemateriale som inspirerer til leik og utforsking		

Barnehagen har ein eigen progresjonsplan knytt til det pedagogiske arbeidet med dei ulike fagområda som er skildra i Rammeplanen.

Sjå heimesida:

Progresjonsplaner

https://fus.no/files/barnehager/files/144/Progresjonsplan_64ca00383306d.pdf




**BARNET
FØRST!**



BARNEHAGEHJULET 2026-2027

NÅR	KVA
AUGUST	
3. august	Barnehageåret startar
18. august	Planleggingsdag (1)
SEPTEMBER	
14. - 18. september	Brannvernveke
21. september	Planleggingsdag (2)
September/oktober	Foreldremøte
OKTOBER	
15. oktober	Gamalfest, fjorårets S-klubb kjem på besøk
20. oktober	Grønsakssuppefest
NOVEMBER	
November	Foreldresamtalar
DESEMBER	
8. desember	Nissefest
11. desember	Luciafest
15. desember	Tilvenning nye barn
17. desember	Julebord for barna i barnehagen
24. desember	Barnehagen stengt (juleafta)
25. desember	Barnehagen stengt (1. juledag)
31. desember	Barnehagen stengt (nyårsafta)
JANUAR	
1. januar	Barnehagen stengt (1. nyttårsdag)
18. januar	Planleggingsdag (3)
26. januar	Besøksdag for besteforeldre eller andre nære for barnet
FEBRUAR	
5. februar	Markering av samefolkets dag
12. februar	Karneval
MARS	
8. mars	Planleggingsdag (4)
18. mars	Påskelunsj for barna i barnehagen

NÅR	KVA
24. mars	Barnehagen stenger kl. 12.00
25. mars	Barnehagen stengt (Skjærtorsdag)
26. mars	Barnehagen stengt (Langfredag)
29. mars	Barnehagen stengt (2. påskedag)
APRIL	
5. - 9. april	Trafikkveke
15. april	Frist for å registrere ferie for barna på MyKid
29. april	FUS dagen
MAI	
6. mai	Barnehagen stengt (Kristi himmelfartsdag)
7. mai	Planleggingsdag (5)
14. mai	17. mai markering i barnehagen
17. mai	Barnehagen stengt (Grunnlovsdag/2. pinsedag)
Mai/juni	Foreldremøte for nye foreldre
Mai/juni	S-klubbshow (blir filma til foreldra)
JUNI	
Dato kjem	Ridning på Frønsdal for barn født 2022
Datoar kjem	Besøksdagar for nye barn og foreldre
Dato kjem	Sommarfest (vêrforbeald)
Datoar kjem	Opprykksveke (småbarn som skal til storbarn)
JULI	
Veke 27-28	Temaveker
Veke 29-30	Barnehagen stengt





**BARNET
FØRST!**



39

